

Fra: Øyvind Strømmen <oyvindstrommen@gmail.com>

Sendt: 24.05.2022 13:23:56

Til: Knut Harald Frøland <knut.harald.froland@samnanger.kommune.no>, Postmottak Samnanger <postmottak@samnanger.kommune.no>, Samningen <post@samningen.no>, Magni Petersen <magni.petersen@samnanger.kommune.no>, Oskar Røen <oskarroen@gmail.com>

Emne: Interpellasjon: Korrespondanse med tog

Eg vil fremja følgande interpellasjon til neste kommunestyremøte:

Oppmoding til Skyss

Frå midten av juni til 30. september har Vy seks daglege togavgangar på bergensbanen, inkludert nattoga. Dette er gledeleg for dei av oss som ynskjer å bruka buss og tog i samband med reiser til Oslo, Austlandet eller stasjonar langs bana.

Kor godt avgangane korresponderer med bussavgangar frå Hardanger og Samnanger er varierende. På den bakgrunnen vil eg stilla følgande spørsmål:

Vil ordføraren ta initiativ ovenfor Skyss for å etterlysa betre korrespondanse mellom buss og tog?

Eg vil også setja fram følgande framlegg til vedtak:

Samnanger kommunestyre meiner det er positivt at det no er fleire avgangar på bergensbanen. For at dette tilbodet skal vera lett tilgjengeleg for flest mogleg i både Samnanger og Hardanger ber kommunestyret Skyss sjå på korleis korrespondansen mellom buss og tog kan gjerast betre.

mvh

Øyvind Strømmen
MDG